



Aprilbrev for Stjernene



Nå er det vår hos Stjernene. Det er ei god tid i barnehagen, kor me er mykje ute og koser oss. Avdelinga vår er prega av mykje god leik frå morgon til ettermiddag. Ungane har funne seg skikkelig godt til rette, både i lag med dei andre ungene og oss vaksne. Me er heldige som får vera saman med dei nydelige ungene dykkar kvar dag 😊

Måndag 31 mars og 7 april vert det foreldresamtaler. Kjempefint at så mange har skrive seg opp på lista som heng på gangen. Eg gler meg veldig til å snakke med kvar enkelt av dykk 😊

Husk foreldremøte tysdag 1 april kl 20.00 til 22.00, her er det påmelding sidan me får servert varm mat 😊 Laurdag 5 april frå kl 10.00 er det klart for dugnad, her er og påmelding, kor me skal lage til «sykkel-bane» bak barnehagen. Dette vert kjempespennande! Dei fleste på Stjernene er kjempeglade i å sykle på dei små balansesyklane, så dette vert midt i blinken 😊 Håper mange får til å bli med på dette.

April vil for det meste handle om påsken som står framfor oss og våren som me er midt oppi. Påskebodskapet om at Jesus døde på korset for oss og stod opp igjen vil vera temaet i dei kristne samlingane som me skal ha. Elles er dykk velkomne til *Påskefrokosten tysdag 8 april kl 7.30–9.* Torsdag 10 april vert det påskevandring, der alle i barnehagen vert med på å «vandre» gjennom påsken i ulike rom som me har laga til i barnehagen. Me får vera med på alt frå fotvask til nattverd. *Onsdag 16 april stenger barnehagen kl 12.00*, viktig å få med seg.

Tysdag 22 april er det planleggingsdag og då er barnehagen stengt.

Etter påske vil me fortsette me med temaet vår. I årsplanen står det at ungene skal få gle seg over årstida og få kjennskap til miljøvern og samspel i naturen. Me skal plante karse og gulerøtter i lag og gå på tur for å sjå etter tydelege vårteikn ute i naturen. Tysdag 29 april vert det aktivitetsdag, kor me har aktiviteter i lag ute i barnehagen – det vert kjekt.

Me vil ønske dykk alle ein flott april månad !

Eli, Torill, Bergliot, Ingve, Annelin og Tone 😊

